



## Hjelme kyrkje fyller 50 år



**6** Ingolf Svellingen var med og bygde kyrkja og Ingebjørg Sæle har hatt mange verv og har nytta kyrkja flittig.



**10** Syr sin eigen bunad til konfirmasjonen

**4** Hans Nielsen Hauge 250 år

**9** Hjelme kyrkje feirar 50 år  
laurdag og søndag 12-13. juni

**12** Kompani Skjergardsheimen

**13** Konfirmantar 2021

**14** Gravplassforvaltinga

**15** Varm mat på døra

## Fellesrådet på synfaring

Etter fleire utsetjingar på grunn av koronasituasjonen, fekk medlemene i fellesrådet den første av to synfaringdagar i kyrkjene og på gravplassane i fellesrådsområdet den 11. mai. I Øygarden er det 8 kyrkjer og 17 gravplassar. Tilstandsanalyser som vart utarbeidd i løpet av våren viser at det er stor forskjell på vedlikehaldsbehovet i dei ulike kyrkjene. På Kausland kyrkje vert eit stort arbeid som omfattar tak, vindaug og maling sett i gang i løpet av forsommaren. Ein tilstandsrapport frå Fjell kyrkje viser at taket også her må utbetrast i løpet av kort tid. Laus takstein er midlertidig sikra, og området langs kyrkja er inntil vidare delvis sperra av. Fjell kyrkje vart bygd i 1874, og har 150-årsjubileum om tre år.



Bak frå venstre, fellesrådsmedlemmer: Per Helge Refvik frå Foldnes sokn, Hege Misje frå Øygarden kommune, Arvid Nese frå Fjell sokn. Føre frå venstre: Jan Tveit frå Sund sokn, Gisle Kårbø Rong frå Hjelme og Blomvåg sokn og Dag-Olav Bjørøy, fellesrådsleiar og frå Landro sokn. Foto: Annlaug Børve, kyrkjeverje. Ikkje med på bilete: prost Jan Tommy Fosse

### Nye vippsnummer for offer i kyrkjene



Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

**Hjelme kyrkje offer: #690303**

**Blomvåg kyrkje offer: #690305**

**Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635**

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

## Leiar

**Annlaug Børve**  
Ansvarleg redaktør



### Kjære lesar!

Øygarden kommune har 8 vakre og flotte kyrkjebygg. I år fyller heile tre av desse runde år: Foldnes kyrkje 20 år, Blomvåg kyrkje 90 år, og som du kan lese om i dette bladet; Hjelme kyrkje 50 år. Dette er det all grunn til å feire, og vi inviterer til jubileumsmarkering som av smittevernomsyn vil gå for seg både fysisk og digitalt.

Som busett på Skjold soknar eg til Hjelme kyrkje, og eg er verkeleg glad i kyrkja mi. Med sin reinskorne arkitektur peikar ho rett til himmels, som om ho med heile seg vil fortelje at makta og æra høyrer Herren til. Gjennom 50 år har kyrkja stått der og teke imot alle som har søkt henne,

og vore eit hus som har romma alt eit menneske ber med seg – frå yrande, sprudlande glede til botnlaus, skjerande sorg.

Og det er nettopp menneska i kyrkja, og fellesskapen med dei og med Gud som gjer at eg kan seie som Ingebjørg Sæle gjer lenger bak i bladet: Her kjenner eg meg heime. Her er det plass til alle, og treng du ein stad å høyre til, er du hjarteleg velkomen til Hjelme.

Gratulerer med jubiléet! Eg gler meg til å feire saman med dykk.

Eg vart glad då dei sa til meg:  
«Vi vil gå til Herrens hus.»

Salme 122, 1

## Andakt



**Elise Irene Karlsen**

### Vær derfor ikke bekymret

Er det ikke underlig hvordan tiden oppleves å gå raskere for hvert år? I hvertfall opplever jeg det slik på mine 27 år at tiden aldri har gått raskere. Jeg bekymrer meg litt for at tiden skal renne fra meg. At jeg som gammel skal se tilbake på livet og lure på om jeg brukte tiden godt. Ønsket om at døgnet hadde flere timer er nok kjent for flere, for det er så mye en gjerne skulle hatt tid til. Følelsen av utilstrekkelighet er nok også kjent for flere.

«Hvem av dere kan vel med all sin bekymring legge en eneste alen til sin livslengde?» sier Jesus i Bergprekenen i Matteus 6:27. Ganske riktig gagnar det lite å bekymre seg generelt. Mye bekymring fører til søvnløse netter, høye skuldre, og nedtrykte sinn. «Vær derfor ikke bekymret og si; Hva skal vi ete? eller: Hva skal vi drikke? Eller hva skal vi kle oss med? For alt dette søker hedningene etter. Men deres Himmelske Far vet at dere trenger alt dette. Søk da først Guds rike og hans rettferdighet, så skal dere få alt dette i tillegg!» Matteus 6:31-33

Jesus ønsker ikke at vi skal bruke tid på bekymring. Han gir oss visshet om at vi er under omsorg av en allmechtig Gud som er i stand til, og ønsker å forsørge oss med det vi trenger. Han kommer likevel med en konkret oppfordring til oss om hva vi først og fremst skal bruke tankekapasiteten på – søke Guds rike og hans rettferdighet.



Det er ransakende og utfordrende, fordi det i praksis betyr at jeg må søke Guds vilje før min egen. Helt instinktivt vil jeg være min egen herre, men stadig møter jeg meg selv i døren og kjenner på utilstrekkelighet. Derfor er det samtidig også befriende å få rette fokuset mot noe større enn meg selv. Min utilstrekkelighet blir ubetydelig i møte med Han som har gått i døden for meg, nettopp fordi jeg er utilstrekkelig.

Når vi søker Guds rike gjennom å lese og lytte til bibelen, vil vi oppdage mer og mer av mysteriet at vi er frelst, og dybden av Hans kjærlighet. Samtidig kan vi oppdage at alt som så lett fanger oss med bekymring i det daglige vil ta mindre og mindre plass. «Får da Sønnen frigjort dere, da blir dere virkelig fri» Johannes 8:36.



– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet.

Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

#### Kjem ut 2021:

4. juni  
1. oktober  
10. desember

Redaksjonen vert avslutta ei veke før.

**Trykk:** Bodoni AS

**Kontingent:** Kr 125 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 175 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn

**Takkeannonsar:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no

**Bankkontonummer:**

1503.84.37590 for kontingenter og gåver

**Opplag:** 2500 pr. nummer. 5 nummer i året.

Miljømerket trykksak 2041 0699



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Telefon:** 400 03 316

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Besøksadresse:** Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume

**Postadresse:** TYTEBÆRREKKO 2, 5353 STRAUME

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** HjelmeogBlomvagSokn

**Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:**  
Espen Sigve Tveten  
**E-post:** et838@kyrkja.no  
**Telefon:** 91 61 78 00

**Leiar i soknerådet:**  
Erling Vik  
**E-post:** erl-vik@online.no

**Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd:** 976 995 430

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps**

# 250 år og framleis viktig



Haugianerne. Av Adolph Tidemand, 1848 / Nasjonalmuseet

I år er det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart født. Guten som kom til verda 3. april 1771, og som vaks opp på Rolvsøy ved Fredrikstad, skulle få mykje å bety for samfunnslivet og kristendomen i Noreg. Historia om han er spanande, men er inga solskinshistorie.

Då historikar Frank Aarebrot heldt sitt foredrag «200 år på 200 minuttar» om Noregs historie, var det ein person som for mange fekk overraskande mykje merksemd. Det var Hans Nielsen Hauge. Han har mykje av æra for at industrien i Noreg vart skipa og at me så raskt vart eit velstandsland. Det er òg i stor grad på grunn av han at me fram til no har hatt ein levande grasrotkristendom i store delar av landet, særleg der Hauge rakk å koma på besøk.

## Hauge-jubileum

Dette året er det mogeleg å delta i markeringar mange stader. I Hjelme gamle kyrkje vil kyrkja i samarbeid med Kystmuseet arrangera Haugekveld med

konsert og foredrag 14. september. Her vert òg konkurransen «Hauge-sokken» lyfta fram. I heile landet skal det vere ein konkurranse om å strikka Hauge-sokken. Hauge nytta som kjent tida til å strikka då han vandra frå stad til stad. I Bergen er det Hauge-dagar 16.-19. september med ulike tilstellingar og byvandringar. Kjell Magne Bondevik er leiar for Hauge-jubileet og det vart opna museum og besøkscenter i Fredrikstad i år.

## Mange hindringar

Hauge hadde eit særskild talent for å sjå mogelegheiter, samt å gjennomskode maktmisbruk. Han kom frå fattige kår og reagerte på maktbruken hjå prestar og embetsmenn. I dag vert han hylla av kyrkja,

men slik var det slett ikkje i starten. Kyrkja var pådrivar til å få han fengsla, og dette tok nesten livet av ham og folkerørsla. 11 gongar vart han fengsla.

På denne tida var det forbode for lekpredikantar å halde «gudelege forsamlingar» utan godkjenning for soknepresten. Lova, kalla konventikkelplakaten, skulle verna om adelen og embetsfolkets posisjon og kontroll i samfunnet.

Dette fekk store følger for Hauge. Første gongen Hauge vart arrestert var det soknepresten i Fredrikstad som sto i spissen. Julia 1797 vart Hauge kasta i militær arrest etter å ha vore gjest i ei

forsamling der han forkynte. Andre stader skraut prestar over at dei makta å jaga bort desse fanatikanane som samla hundrevis av menneske og laga uholdbare tilstandar i soknet. Slik heldt forfølginga fram. Etter berre åtte års verksemd klarte dei å hindra Hauge å reisa meir. Men no var grunnlaget lagt. Hauge hadde bygd opp det som skulle verta *Hauge-rørsla* og *Haugianerne*. Han knytte relasjonar, plasserte kvinner og menn i viktige posisjonar, sende ut predikantar og trykte bøker. Hauge er lekmannsrørsla sin far. Han hadde ei praktisk form for kristentru. «Lat gjerningane lysa», sa han.

Noreg var eit fattig land, og mange døydde av pest og svolt. Hauge lærte folk korleis dei kunne forsørgja seg sjølv og han skapte ei rekke verksemdar. Han var forut for si tid med tanke på å ikkje driva rovdrift på naturen og innførte gjenbruk ved å nytta brukte tekstilar i produksjonen av papir. Han var den største grunderen i samtida.

## Kva dreiv Hauge?

Det er mykje ved Hauge sitt liv som kan inspirera oss, men me kan òg late oss inspirera av Meisteren sjølv som kallar menneske til teneste og som endrar samfunnet gjennom oss. Hauge fekk eit tydeleg kall. Som 25-åring gjekk han heime på åkeren og song på «Jesus din søte forening å smake». Då vart han fylt av ånd og kraft. Hauge vart ein Guds mann med hjarte for menneske. Det var evangeliet og verdiane frå det som var grunnlaget for engasjementet hans. Me kan ikkje lausriva samfunnsengasjement og den politiske iveren frå trua hans.

## Tek me vare på arven?

Historikar Karsten Alnes har uttalt at det er to personar som har forandra Noreg, Olav den heilage og Hans Nielsen Hauge. Har me lært noko av historia om Hauge, tek me vare på arven etter han? Ville me ynskt Hauge sin profetiske røyst velkommen i dag, brukar me resursane som finst i

## JUBILEUM 250 ÅR SIDAN HANS NIELSEN HAUGE VART FØDD

- Hjelme gamle kyrkje 14. september kl. 19.00
- Konsert "Folketonar frå Hordaland" Berit Oppheim sang, Sigbjørn Apeland trøorgel.
- Foredrag
- «Hauge-sokken»
- Inngangspengar
- Eit samarbeid mellom Kystmuseet i Øygarden og Kyrkja i Hjelme og Blomvåg

enkeltmenneske og i lokalsamfunnet best mogeleg, byggjar me kyrkja og samfunna nedanfrå, høyrer me Jesu kall til etterfølging til teneste for Gud og menneske i dag?

Espen Sigve Tveten  
Sokneprest Hjelme og Blomvåg



## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

SOS  
22 40 00 40

SOS  
CHAT



SOS  
MELDING

KIRKENS  
SOS

## Diakonen sitt hjørne

Ellen Ebbesvik  
Diakonimedarbeidar



Vi lever i ei rar tid kor alt er vanskeleg å planlegge. På grunn av lange fristar for avbestilling, måtte vi avlyse dagsturen vår til Osterøy 15. juni. Det same gjeld diakonituren til Institutt for sjelesorg i august. Vi håpar at vi kan få oppleve dette neste år.

Eg håpar og trur at vi skal få sjå kvarandre i Hjelme kyrkje til hausten. Eg har frå september sett av første torsdag i månaden til formiddagstreff. Eg gler meg til å treffe dykk.

Ta gjerne kontakt med meg om du treng nokon å snakke med og eit besøk. Du kan nå meg på e-post [ee465@kyrkja.no](mailto:ee465@kyrkja.no) eller tlf. 924 42 881.

Ønskjer dykk alle ein god og fredfull sommar.

# Ingolf hugser då stillaset bles ned



I år fyller Hjelme kyrkje 50 år. Jubilanten står støtt i ver og vind og har trufast tatt imot bygdefolket i glede og sorg.

**Tekst: Espen Tveten**

**Foto: Ottar Vik**

**Foto frå vigsling av Hjelme kyrkje: ukjent fotograf, ØyNytt fekk låne foto av Bjarne Skjold**

**Som sokneprest i Øygarden** har eg blitt glad i kyrkja i Hjelme. Dei fleste har eit endå lenger forhold til denne kyrkja enn meg, og difor inviterte eg to personar til samtale i kyrkja. Ingolf Svellingen var med og bygde kyrkja og Ingebjørg Sæle har hatt mange verv og har nytta kyrkja flittig. Begge er noko forundra over kor fort tida går og at kyrkja allereie er 50 år.

Hjelme hadde si gamle kyrkje frå 1875. Men ho var ikkje så stor og kyrkjegarden var liten. Det var den nye kyrkjegarden som vart utbygd først. I 1949 vart det opna kyrkjegard på Stakksmyra, nord for dagens kyrkje. Det var nok plasseringa av kyrkjegarden som vart avgjerande for at kyrkja ligg der den ligg no. Først vart det diskusjon om det skulle byggjast gravkapell eller kyrkje. Så vart diskusjonen korleis kyrkja skulle sjå ut. Dei fyrste arkitektteikningane var meir lik den gamle kyrkja. Men her hadde kyrjekomiteen innvendingar, dei ville ha ei meir allsidig

og praktisk kyrkje, og helst ei kyrkje som ikkje trengde så mykje vedlikehald. Nye teikningar vart bestilt, og i retur kom ei naustkyrkje. Den noverande kyrkja er ei av få naustkyrkjer i landet. Ishavskatedralen i Tromsø er den mest kjende.

**Det var no Ingolf Svellingen kom på banen.** Han var ung gut og fekk jobb hos byggmeister Magnus Hellesund. Å vera med på å byggja ei kyrkje er ikkje mange forunn og Ingolf er stolt over å ha bidratt til dette signalbygget i kommunen. I ei tid utan bruer vart det mykje logistikkabeid. Og sjølve bygginga var heller ikkje enkel. Det hadde nok vorte ei rekke HMS-påpakningar om ein hadde lagt dagens krav til grunn. Det var naudsynt med folk som ikkje var redd for høgder. Og utan sikringsutstyr, var det Ingolf og lærermeister Magnus, som balanserte rundt for å få på plass dragarar og taksperer. Det var fleire arbeidsfolk, men det var særleg desse to som måtte opp i høgda. Det var ingen

kraner, så det var berre eigenlaga metodar som dugde. Det var høgt ned og vinden var sterk. Og inga sikring. Då taket var på plass, vart det planta eit norsk flagg i på toppen. Då arbeidsfolka ein dag kom på jobb, hadde vinden herja så mykje med flagget at det einaste som var att, var krossen i midten. Det høvde seg jo godt på ei kyrkje, minnast Ingolf.

**Han hugsar godt at kyrkjetårnet skulle reisast.** Først bygde dei eit høgt stillas på fire sider. Inni der skulle tårnet koma. Etter mange arbeidstimar var det tid for matpause. Då hørde dei eit høgt smell. Dei hadde gått til pause før dei hadde bardunert stillaset, og då dei kom ut hadde vinden løfta heila stillaset og kasta det i bakken. Det tok dagar å fiksa det.

Både Ingolf og Ingebjørg hugsar kyrkjevigslinga. Det sterkaste minnet er at det var veldig høgtideleg og det kom marsjerande inn ei svært lang rekkje med



Kyrkja vart vigsla av biskop Per Juvkam 13. juni 1971.



"Byggenemda til Hjelme kyrkje"



Ingolf Svellingen og Ingebjørg Sæle

prestar. Ingebjørg si dotter Åshild var med og uttala at «det måtta vera noko heilt spesielt, sidan det var så mange prestar». Det vart ei opning med stort alvor, men òg stor glede over å ha fått ei ny og tenleg kyrkje.

” Her har eg kjent meg heime.

Det er dette siste Ingebjørg vil trekke fram. Til skilnad frå gamlekyrkja, har den nye vore eigna til mang slags bruk. Her hadde Indremisjonen sine årsmøte og stemner. Kor øvde her og me arrangerte



Frå vigslinga av Hjelme kyrkje 13. juni 1971.

eldretreff. Eldretreffa er framleis viktige for kyrkjelyden, sjølv om pandemien har satt dei på vent. Ingebjørg har mange gode minne frå kyrkja og har i mange år vore klokkar og hatt sete i soknerådet. «Her har eg kjent meg heime. Her har eg tatt med meg familien» seier ho. Det har vore gode gudstenester og mange merkedagar. Ho framhevar at det har vore eit godt samarbeid mellom kyrkja og bedehusa. Dei har gått hand i hand og har har utfyllt kvarandre.

**Hadde det ikkje vore for koronaen hadde det vorte ei stortilt jubileumshelg.** Nå vert det ei mindre markering sidan me berre kan vera 50

deltakarar i kyrkja. Men feiring vert det. Laurdag 12. juni vert det bilrebus og basar. 7 bemanna postar er plassert ut mellom Blomvåg og Hjelme. Dette er eit familiearrangement frå kl 12.00 til 16.00. Meir info finn ein på kyrkja si heimeside og Facebook. Denne dagen vert det òg basar til inntekt for Skjergardsheimen som er eigd av kyrkja. Loddsalet er i gong og trekninga vert gjennomført på kvelden denne laurdagen. Det vert eit strøymt live-show frå Hjelme kyrkje. Søndagen etterpå vert det jubileumsgudsteneste. Her må ein melda seg på. Gudstenesta vert strøymt.

Me ynskjer Hjelme kyrkje og kyrkjelyden til lukka med 50-års jubileet.

## Fine gevinstar

1. Hagegruppe 3+1+1 + lite rundt bord
2. Bålpanne med trekk
3. Drill - Montør
4. Tvillingdukkvogn med dukker
5. Fiskestang
6. Sparkesykkel
7. Stør rhododendron
8. Sparsekk med varer - Spar Rong
9. Kiwisekk med varer - Kiwi Rong
10. To hamburgermeny på Blom Servicesenter - Blom servicesenter
11. Handlenett med varer - Spar Tjeldstø
12. Fruktkurv
13. Fruktkurv
14. Bilde - Blomstreken
15. Gåvekort 300 på Bricks - Bricks
16. Gåvekort 300 Heggholmen landhandel - Heggholmen landhandel
17. Gåve frå Blomsterbua - Blomsterbua
18. Rosetre
19. Kubbesspill
20. Stangtennis
21. Hårprodukter - Ohana frisør Rong
22. Liten tursekk
23. Barbiedukke med kjoler
24. Strikka sitteunderlag med turgodt
25. Slåballsett
26. Bilde - Blomstreken
27. Sydd veske med teiknesaker
28. Hardangerbestikk dessertsett
29. Hardangerbestikk dessertsett
30. Ildfast fat Rosendahl
31. Snacksskåler Rosendahl
32. Biltruck med biler
33. Brødkurv med godt
34. Brødkurv med godt
35. Barnebøttesett
36. Picnicsett
37. Dobbelt sengesett
38. Salatslynge
39. Dobbelt sengesett
40. Dobbelt sengesett
41. Håndkle med diverse
42. Håndkle med diverse



# Hjelme kyrkje feirar 50 år

## Laurdag og søndag 12-13. juni

### Laurdag kl. 12.00-16.00 – Bilrebus

For heile familien, ingen påmelding, 7 postar med oppgåver, sjå meir info på Facebook sida til kyrkja (Den norske kyrkja i Øygarden – Hjelme og Blomvåg sokn).  
Premie til vinnarlaget: Gåvekort på kr. 1000,- frå Husets spiseri.

### Laurdag kl. 18.30 – «Liveshow frå Hjelme kyrkje»

- Direktesending same kveld på Facebook-sida til kyrkja.
- For heile familien
- Basar
- Film frå kyrkjeopninga for 50 år siden
- Kåring av rebusvinnar
- Konkurransar
- Gjestar
- Song og andakt

### Søndag kl. 11.00 – Jubileumsgudsteneste

Ved sokneprest Espen Tveten  
Påmelding på kyrkja si heimeside, plass til 50 personar.  
Gudstenesta vert send på kyrkja si facebook-side.

Deltakarar: Ordførar Tom Georg Indrevik, prost Jan Tommy Fosse, soknerådsleiar Erling Vik, kyrkjevevjerje Annelaug Børve. Song og musikk ved Olaug Elise Alnheim, Belinda Hellesund og Anne Lise Grøm

### Basar

Kr. 10 pr lodd. Vippsnummer: 690308

Loddsalet er i gong på Vipps og inntektene går til Skjergardsheimen. Det vert òg sal av lodd under bilrebusen ved posten i Hjelmen kyrkje laurdag 12. juni.

# Basar og bilrebus

## i anledning Hjelme kyrkje sitt 50 årsjubileum

**KJØP LODD NÅ - VIPPSNR. 690308**  
**Laurdag 12. juni:**  
**bilrebus mellom kl 12.00 og 16.00**  
**Liveshow frå Hjelme kyrkje kl. 18.30**  
**med kåring av bilrebusvinnar og basar.**  
**Oppe for alle - dette blir gøy!**

# Syr sin eigen bunad til konfirmasjonen

I Knappen står ein av konfirmantane dette året tidleg opp på kvardagane. Ikkje for å ha god tid til frukosten, men for å sy. Ingeborg Vestbøstad Vik syr sin eigen bunad til konfirmasjonen!

**Tekst og foto: Hogne Berland**



Ingeborg med stoffet som skal bli vesten og stakken



I denne kroken sitt Ingeborg kvar kvardag mellom 05.30 og 07.00 for å sy



Brystduken og beltet er ferdig sydd

«Ja, eg står opp kl. 05.30 på kvardagane. Då kan eg sy 1,5 time før eg må gjera meg klar til skulen.» Ingeborg seier det som om det skulle vera den mest naturlege ting i verda, men det er sikkert ein del på same klassetrinn som skulle hatt godt betalt for å stå opp såpass tidleg. Syinga må gjerast på morgonen, for Ingeborg er travel og på ettermiddagane er programmet fullt av andre aktivitetar. Ingeborg seier ho synest morgonane er fine. «Eg treng ikkje tenke så mykje, eg berre sitt i sofaen og syr og høyrer på musikk!»

Interessa for å sy kom for tre år sidan og det byrja med at ho hadde lyst å sy ei snikkarbukse til veslesøstra Kristin. «Pappa viste meg litt med symaskina. Eg knakk mange nåler i starten og buksa blei ikkje særleg fin, men det er gøy å lage noko.» Ho har etter kvart sydd fleire klesplagg til seg sjølv og synest det er artig å ha klede som ikkje alle andre har. No går det ganske fort å sy ei bukse, men å sy ein heil bunad var eit prosjekt av eit litt anna kaliber.

Idéen om å sy bunad fekk ho då nokre av kusinene hadde sydd sine egne

bunadsbelte. Ingeborg tenkte at dersom det var mogleg, så måtte det også vera mogleg å sy heile bunaden. «Det er gøy å kunne seie at eg har sydd eigen bunad. Og i tillegg er det jo mykje billegare enn å kjøpe», seier Ingeborg og smiler.

” Eg treng ikkje tenke så mykje, eg berre sitt i sofaen og syr og høyrer på musikk!

Ingeborg har lært seg mykje sjølv, men ho har også fått god hjelp. Ho deltok tidleg på eit bunadskurs, men det synest ho ikkje ho fekk så mykje ut av. Det vart lettare då ho fekk hjelp av ein lokal bunadseksper. «Mamma spurte på facebook om nokon kunne rettleie meg på å sy hardangersaum. Då fekk vi svar frå Oddbjørg Vik som hadde sydd mange bunadar.» No har ho vore mange gongar hos Oddbjørg. «Då sitt eg der og syr, og så spør eg når eg treng hjelp


eller lurar på om eg har gjort noko feil. Det er veldig fint å få hjelp av Oddbjørg.»

Bunaden skal altså vera klar til september. Då er det endeleg konfirmasjon og avslutning av eit litt annleis konfirmantår. Ingeborg understrekar at konfirmasjonen er viktig for ho. «Då eg vart døypt var det mamma og pappa som valgte for meg. No vel eg dette sjølv. Eg er kristen og då kjennest det naturleg å konfirmere meg.»

Men før konfirmasjonsdagen kjem, har ho endå mykje arbeid framfor seg. Ingeborg har ikkje tal på kor mange timar som har gått med, berre beltet tok eit halvt år å få ferdig. Men no er både brystduken og beltet klart. Ho er spent på om ho får hardangesaumen på forkleet ferdig i tide, men trur det skal gå. «Bunadsskjorta må eg nok ta seinare, men resten satsar eg på skal bli ferdig» avsluttar Ingeborg, som er ei av dei som ikkje er lei seg for at konfirmasjonane vart utsett til hausten!

# Kompani Skjergardsheimen

Det er tida for alternative opplegg. I staden for leir, vart ungdomsskuleelvene i år invitert på Kompani Skjergardsheimen den 17. april. Ein god gjeng tok utfordringa og vart med på opplegget som vi må innrømme var kraftig inspirert av Kompani Lauritzen på TV2. Etter mange utfordringar ute, avslutta vi med middag og kveldsmøte inne. Sjekk litt bilder frå dagen her!



# Konfirmantar 2021

Med atterhald om endringar

## Blomvåg kyrkje søndag 29. august kl. 10.30

Nora-Karin Berthelsen  
Adrian Yanson Fjeldstad  
Emma Jentoft Rong  
Maria Elena Lloyd  
Synnøve Træen Hovden  
Markus Solsvik  
Marion Totland Rong  
Johannes Andersen  
Tor Eirik Marcussen

## Blomvåg kyrkje laurdag 4. september kl. 10.30

Ingeborg Vestbøstad Vik  
Martin Henry Haugland  
Sarah Emilie Barmen-Fløisand  
Andrea Åsheim Giertsen  
Emilie Alrek Eide  
Julie Vik  
Alisa Rørvik  
Stefan Bamrungrai Blom  
André Heggøy  
Johannes Jørdre  
Victoria Hyr Duqaj Sandbakk

## Hjelme kyrkje søndag 5. september kl. 11.00

Fredrik Myrvold Hjønnævåg  
Jonas Nordøy  
Connie Steffensen Solberg  
Ruben Andre Hansen  
Leon Tveit

## Blomvåg kyrkje søndag 29. august kl. 13.00

Mathilde Solsvik  
Marcus Myhr Hermansen  
Morgan Edvardsen-Vik  
Christine Berentsen Fortun  
Tobias Torsvik  
Liam Cato Husebø  
Andrea Skålevik Nesse  
Tobias Dåvøy Skår

## Blomvåg kyrkje laurdag 4. september kl. 13.00

Selma Helgesen  
Rebekka Sæle Knarvik  
Andrea Solsvik  
Carl Fredrik Aarø  
Rowena Risløw  
Sandra Liljegren Valestrand  
Tordar Taule Soløy  
Isak Landro  
Lukas Hjartøy Fjellstad  
Leah Rong Andersen  
Sofia Stølsnes



## Hogne har ordet

Hogne Berland  
Kyrkjelydspedagog




For nokre dagar sidan var eg på skapelsesvandring i Blomvåg kyrkje saman med mange 6-åringar. Dei fekk oppdage og snakke meir om alt det Gud har skapt. På første stasjon på vandringa snakka vi om kva det vil sei å skape. Jo, det betyr å lage noko av ingenting. Vi menneske kan lage mykje, men då treng vi noko materiale å lage det av. Det er berre Gud som kan lage noko av ingenting.

Eg har tenkt litt på dette. Det var verkeleg ingenting då Gud sette det heile i gang. Og plutsleg fanst tid, rom og alle naturlovar. Nokre seier at det er tilfeldig at universet og livet har oppstått, at det ikkje har ei årsak. Eg må vera ærleg å seie at eg synes den tankengangen er vanskeleg å forstå. Universet må ha ei årsak utanfor seg sjølv som er uavhengig av tid, rom og naturlovar. Det er logisk, rett og slett. Eg synest det er logisk å stille spørsmålet: Kva er årsaka til at det finst noko i staden for ingenting? Noko eller nokon må stå bak. Bibelen er ikkje ei naturfagsbok, men den gjev oss ein del svar som vi ikkje kan finne i naturfagsboka. I den første setninga i Bibelen finn eg svaret på kven som står bak, og korleis det heile starta: «I opphavet skapte Gud himmelen og jorda».

# Ofte stilte spørsmål til gravplassforvaltinga

Øygarden kyrkjelege fellesråd er gravplassmynde i kommunen, og forvaltar gravplassverksemda i samsvar med lov og forskrift. Under følgjer svar på nokre spørsmål som ofte vert stilt gravplassforvaltinga:

**Tekst og foto: Anlaug Børve, kyrkjeverje**



## Må innbyggjarar i kommunen betale for grav?

Dersom den som skal gravleggast hadde bustadadresse i Øygarden, utløyser dette rett til fri grav i ein periode på 20 år, under føresetnad av at ein nyttar tilvist grav. Det vil seie at det er eit vilkår at ein tek imot den grava som følgjer av gjeldande gravleggingsplan for den enkelte gravplassen.

Dersom ein ønskjer å halde av ei grav ved sida av frigrava, vert dette ei festegrav som må ein betale avgift av frå første dag. Ei slik grav vert verande ei festegrav også når grava vert teken i bruk, sjølv om den som vert gravlagt hadde bustadadresse i Øygarden.

## Kva om ein ønskjer å bruke opp att ei gammal grav?

Dersom ein ønskjer å bruke opp att ei gammal grav, er det ikkje lenger ei grav som er tilvist frå gravferdsmynda som vert teken i bruk. Grava er då ei festegrav, som det skal betalast festeavgift for.

## Kor ofte betaler ein festeavgift?

Fakturering skjer i 5-årsbolkar og går automatisk. Festar treng difor ikkje kontakte kyrkjeleg fellesråd når det gjeld fornying av feste. Ubetalte faktura vert purra. Dersom festeavgifta ikkje vert betalt vil grava til slutt verte sletta, med førehandsvarsling.

## Kvifor ligg det mange velte gravsteinar på gravplassane?

Gravsteinar kjem ofte ut av stilling eller veltar som følgje av telehiv, dårleg fundament eller dårleg montering.

Steinleverandørane gjev ofte garanti på steinen, men når denne går ut er det den ansvarlege for grava (altså dei pårørande) sitt ansvar å sjå til at steinen vert ståande.

Dersom ein er ansvarleg for ei grav der steinen har komen ut av stilling eller velta, må ein snarast råd sørgje for å få steinen på plass igjen. Dette kan ein til dømes gjere ved å ta kontakt med steinleverandør, som kan gjere jobben mot betaling.

Steinar som er til fare for besøkande på gravplassen kan verte lagt ned av dei tilsette på gravplassen.

## Kvar finn eg informasjon om gravplassforvaltinga i Øygarden?

Meir detaljert informasjon og gravplassvedtektene finn ein på vår nettside:

[www.kyrkja.no/oygarden/gravferd](http://www.kyrkja.no/oygarden/gravferd)

# Ønskjer du varm mat på døra?

Øygarden kommune kartlegg om eldre heimebuande ønskjer å få levert varm mat heim og om dei ønskjer å delta i felles middagssamling.

**Tekst og foto: Vigeik Brekke, Øygarden kommune**



Berit Anita Larsen i eldrerådet ønskjer at mange svarar på spørsmåla knytt til levering av varm mat heim.

- Ei undersøking kan gje oss svar på kor stort behovet er, seier Berit Anita Knudtsen Larsen i eldrerådet.

Larsen er også leiar i arbeidsgruppa Mat til eldre som bur heime. Øygarden kommune er med i kvalitetsreforma Leve heile livet der målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å meistra livet og få ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Dette kan hjelpa til at dei som ønskjer det, kan bu lengre i eigen bustad.

I dette arbeidet er det viktig at mat og måltid får like høg prioritet og status som anna hjelp i heimen. Det vert gjerne sagt at mat er medisin, mat er omsorg og mat er livskvalitet.

Målet er å skapa gode måltidsoppleingar og redusera underernæring. Eldre skal få næringsrik mat som både ser godt ut,

luktar godt og smakar godt. Det er viktig at folk får høve til å velja kva dei vil eta, kva tid dei vil ha måltidet og om dei vil ha måltidsfellesskap med andre.

Berit Anita Knudtsen Larsen er den i eldrerådet som særleg følgjer opp arbeidet med kvalitetsreforma Leve heile livet.

- Eldrerådet har i lang tid drøfta om det kan la seg gjera å få til ei ordning med levering av varm mat til eldre heimebuande. Dersom vi skal leggja til rette for eit slikt tilbod, må vi ha dokumentert behovet, seier Knudtsen Larsen som reknar med at prisen pr. måltid vil liggja på mellom 120 til 180 kroner.

## Auka livskvalitet

I spørjeundersøkinga vert det også stilt spørsmål om kva tidspunkt dei eldre kan tenkja seg levert varm middag og kva

dagar i veka ein ønskjer å få levert maten. Dersom det viser seg å vera eit behov, vert det arbeidd fram løysingar saman med ulike aktørar i næringslivet, vidaregåande skular og frivillig sektor om tilbod på distribusjon av varm middag. Det vert lagt opp til fellesmåltid ein dag i veka.

- Har du sjølv tenkt å nytta deg av eit slikt tilbod?

- Eg likar framleis å laga maten sjølv. Men den dagen kan koma då eg vil oppleva at eit slikt tilbod vil auka livskvaliteten. Eg trur at det er fleire som kan tenkja seg å få levert varm mat på døra og dermed bruka tida på andre ting enn å laga mat. Mellom anna trur eg at ein del menn som bur aleine, kan tenkja seg dette, seier Berit Anita Knudtsen Larsen som er optimistisk og trur at mellom 50 og 100 personar i Øygarden ønskjer dette tilbodet.

Målet med kvalitetsreforma Leve heile livet er mellom anna å sikra at eldre som bur heime skal ha lett tilgang på ernæringsrike måltid og at dette kan bidra til auka trivsel i kvardagen.

Det tek kort tid å svara på spørsmåla i kartlegginga. Spørjeundersøkinga ligg på heimesida til Øygarden kommune under «Helse, omsorg og velferd», [www.oygarden.kommune.no/mat](http://www.oygarden.kommune.no/mat)

Spørjeskjemaet er tilgjengeleg i trykt utgåve på innbyggjartorga på Rong, i Skogsskiftet og på Straume. Svarfrist er 25. juni.

Spørsmål om kvalitetsreforma og spørjeundersøkinga kan rettast til Berit Anita Knudtsen Larsen på telefon 951 67 692.

• Snitter • Koldtbord  
 • Varmmat • Koldttallerken  
 • Baguettar

**Rong Catering a/s**  
Tlf. 9185 6258

Vi formidler blomster til innland og utland

**INTERFLORA**

**Blomsterbua**  
Rong senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.  
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.  
Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden  
TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

 Knut Helge Polden  
 Espen Polden  
 Heine Polden  
 Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50

Din lokale elektriker!

**Vestgar Elektro**

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
Tlf. 400 30 210  
post@vestgarelektro.no  
www.vestgarelektro.no

**Fag Revisjon as**

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no  
Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

**Torsvik ELEKTRO**

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062  
www.torsteinsvik.no

**YXENERGI**

- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

**BLOM SERVICESENTER AS**  
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
Godkjent bilverksted

**MECA CAR SERVICE**

**GODKJENT ALBILTILSYNET**

**SPAR**

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten  
Velsmakende varmmat  
Fristende frukt og grønt  
Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

posten toffo trumf Bank i butikk SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

**Godfoten**  
FOTTERAPI

Velkommen til oss på Rong senter  
Timebestilling på mob nr 94023865  
Eller på www.godfoten-as.no

Vi har gavekort!

Kjøp kjapt,  
trygt  
og billig

**KIWI mini pris**

Ved Rong senter  
Tlf. 56 38 71 20  
Mandag - lørdag  
kl. 07.00-23.00

**Åsane Begravningsbyrå AS**  
v/Johannes Blom  
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnavt tlf.: 5518 9000

**Solstrands Begravningsbyrå as**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet  
www.solstrands.no  
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

**TORSVIK MUR**  
Alt i mur, puss og flisearbeid  
Rehabilitering/fornyning av gamle skorsteiner/piper

Vidar Vik Torsvik  
murmester

Dalekletten 44  
5337 Rong  
Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

**NORGESHUS NORGESHUS**  
TH Bhas Bygg Øygarden  
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålsetet 2, 5337 Rong  
e-post: ta@norgeshus.no  
www.norgeshus.no

**Montér**

Øygarden Byggsenter AS  
Pålsetet 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no  
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00, lørd 09.00-14.00

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22  
Mobil: 918 56 258

**Øygarden elektriske as**

Tlf: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail:  
post@oygarden-elektriske.no

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleie av brakker

Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967  
Trelastlager Tjeldstø

# Stas med besøk av Farmen-Thor

**Tekst: Hogne Berland**  
**Foto: Matilde Solsvik**

Thor Haavik vart kjent for mange som Farmen-presten i fjor haust. I april kom han til Blomvåg kyrkje for å møte konfirmantane våre! «Finst det gode grunnar til å tru på Gud?», spurte han, og svarte med fleire. Han har blant anna skrive masteroppgåver der han undersøker om det finst bevis for at Jesu si oppstode er ei historisk hending. Det var spennande å høyre på alle dei gode argumenta for det! Konfirmantane fortalde etterpå at det var stor stas med besøk av Thor, og at det var lett å følge med når han snakka. Thor på si side skaut av konfirmantane her ute, og tok seg god tid til å svare på spørsmål om både Farmen og trua.



## Til lukke!

### 70 år

- 13. juni Kjellaug Margrete Vik, Tøket 6
- 17. juni Per Gundersen, Hanelen 28A
- 23. juni Tone Cecilie Vik, Knappevegen 9
- 28. juni Signe Taranger Vik, Losemyrvegen 19
- 3. juli Odd Jarle Vik, Dalekletten 46
- 18. juli Einar Svein Fjeldstad, Grønhaugvegen 39
- 19. juli Konrad Hellemann Marchuk Blom, Skjoldningsneset 105
- 25. juli Kjell Hellesund, Dåvøyvegen 56
- 3. aug Tone Breivik, Holevegen 7
- 4. aug Bjørg Haldis Sæle, Sjøneset 29
- 19. aug Kjellaug Pauline Dale, Skorane 3
- 21. aug Knut Arild Hennø, Hernar 41
- 1. sept Gunvor Osberg Svellingen, Hellesøyvegen 234
- 3. sept Magnar Osvald Dåvøy, Sturevegen 24
- 7. sept John Arne Solsvik, Losemyrvegen 39
- 19. sept Rigmor Olaug Hernar-Hammer, Blomåsen 27
- 30. sept Kjersti Andersen Fjeldstad, Rongøyvarden 9
- 1. okt Gunhild Hennø, Høghøyen 10
- 2. okt Rigmor Oen, Austlandet 13
- 6. okt Solveig Myhr, Sundevika 6

### 75 år

- 8. juni Helge Nøstdal, Holevegen 14
- 13. juli Svein Berger Bjørge, Raudhammaren 20
- 17. juli Oddbjørg Irene Hansen, Rongøyvegen 11
- 22. juli Marit Lise Torsvik, Maiavegen 21
- 2. aug Marit Heimark Sæle, Sjøneset 16
- 2. aug Evy Sylvi Bøe, Sturevegen 2
- 3. aug Berit Rannveig Heggholmen, Arsettunet 35
- 13. aug Per Olaf Brandal, Sprengneset 70
- 14. aug Else Karin Nørdøy, Bakkevegen 6
- 8. sept Laila Ellinor Tveiten, Raudhammaren 38
- 13. sept Anne Lise Dale, Neshaugen 8
- 25. sept Helge Bjørn Eknes, Klovhøyen 14
- 26. sept Jørgen Georg Hellesund, Bakkevegen 30
- 3. okt Olav Helgesen, Grønhaugvegen 27
- 5. okt Ragnar Ingvar Rong, Moldbrekkene 50

### 80 år

- 10. juli Solveig Margrete Herdlevær, Løtevegen 27
- 12. juli Kjell Gerhard Hatten, Bulevegen 1
- 23. juli Eli Margrete Hetlevik, Hellesøyvegen 252
- 28. juli Birgith Rong, Hanelen 18
- 29. sept Randi Marie Torsvik, Torsvikvegen 113

### 85 år

- 7. sept Kåre Malvin Lyngøy, Arsettunet 19
- 1. okt Randi Aud Fjeldstad, Grønhaugvegen 121

### 90 år

- 17. juni Klara Blomvågnes, Flotevegen 56
- 27. juni Kristine Johanne Torsvik, Pålsetet 31
- 27. aug Marta Kristine Svellingen, Haugetunvegen 16
- 20. sept Gunvor Hovden Lynghaug, Veslevarden 30
- 25. sept Målfrid Johanne Hjelme, Ternholmvegen 51D

### 95 år

- 6. juli Ingrid Konstanse Svellingen, Tanglevikvegen 13
- 5. aug Petra Torsvik, Arsettunet 31
- 16. aug Bertha Dorthea Tjong, Alvøyvegen 488

## Døde

### Blomvåg

- Svein Gustav Davidsen, Toftøyvegen f. 1946
- Helena Gurine Hauge, Rong f. 1932
- Klara Marie Abbedissen, Tjodnarvegen f. 1924
- Ingrid Haugetun, Rong, f. 1927

### Hjelme

- Sven Robert Paulsen, Hatten f. 1942
- Kari Marie Wolff, Rossnesvegen f. 1933
- Olida Strømsnes, N.Sæle f. 1930
- Johan Alvheim, Alvheim f. 1923
- Martin Bernhard Hellesøy, Hellesøy f. 1926

## Gudstenester

Endringar kan komme grunna covid-19, det kan bli påmelding på gudstenestene. **Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)**

**6. juni kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

**13. juni kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Jubileumsgudsteneste ved Espen Tveten. Hjelme kyrkje er 50 år. Det vert ei markering med gjester. Pga Covid-19-restriksjoner er det kun mulighet for 50 deltakarar. Påmelding på nettsiden vår.

**20. juni kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Espen Tveten. Arvid Vik taler. Nattverd.

**27. juni kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Gudsteneste ved Morten Torsvik. Nattverd.

**4. juli kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Bjarte Nese. Nattverd.

**11. juli kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd.

**18. juli kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse. Nattverd.

**8. august kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

**15. august kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

**22. august kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

**29. august kl. 10.30 og kl. 13.00 i Blomvåg kyrkje**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Espen Tveten

**4. september kl. 10.30 og kl. 13.00 i Blomvåg kyrkje**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Espen Tveten

**5. september kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Espen Tveten

**12. september kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd.

**19. september kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Gudsteneste med konfirmant-presentasjon ved Espen Tveten.

**26. september kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste med konfirmant-presentasjon ved Espen Tveten

**3. oktober kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Utdeling av biblar til 5.klassingar.

**10. oktober kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd

## Døpte

### Blomvåg

- Mikkel Låstad Tjong, Tjeldstø
- Leonel Dale Isager, Rong

**KYSTPILEGRIMSLEIA** Meir himmel på fjord

ei Microsoft Teams møte, Sandsli...  
Laurdag 1. mai 13:30

snor Microsoft Teams møte, Sandsli...  
Laurdag 1. mai 14:00

... Microsoft Teams møte, Sandsli...  
Laurdag 1. mai 14:30

Friluftsgudsteneste  
Dagsturhytta/Sorefjordshytta  
Søndag 27. Jun 16:00

[Kystkultur.no](http://Kystkultur.no)

Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

**Distribusjon i Hjelme og Blomvåk sokn:**  
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor Hjelme og Blomvåk sokn:**  
Posten Norge

**Returadresse:**  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



Øygarden skulemusikkorps spelte ved Tednebakkane omsorgssenter 17. mai, - til stor glede for bebuarane.

Foto: Ottar Vik



2. pinsedag var mange med på Kystpilegrimsvandring til Hjelme gamle kyrkje. Etter vandringa var det gudsteneste ved Espen Tveten utanfor kyrkja.

Foto: Fredrik Mortensen